

# Visdal nigard

Av Knut Raastad, 2017



Visdal nigard gnr. 75 bnr. 1 ligg i øvre Nordherad mellom oppigard Visdal og Valbjør. Visdal er nemnd frå 1520 da som Visdall, Wiibdall 1578, 1594, 1668, Wistedall 1604, Wisdal 1723.

Jordebok 1577 og utover samt bygningsskatten 1604 viser at Visdal da var ein gard og rekna som halvgard. Frå 1645 er det nemnd to gardar.

Matrikkel 1647 nemner nigard Visdal som halvgard og Amund Wisdall brukte 1 ½ hud som bonden eigde sjølv. Koppskatten 1645 nemner Amund Wisdall og hans hustru samt Aslach Wisdall. I og med at sonen til Amund fekk namnet Aslak tyder det på slektskap. Manntalet 1666 nemner Visdal som halvgard med skyld 1 ½ hud og 1 ½ skinn. Oppsitjar var Amund Torstenson f.1608. Jordebok 1661 og matrikkelen 1668 nemner at Amund var eigar av 10 ½ skinn, det øvrige 9 skinn eigde Knut oppigard Visdal. Amund Tostensøn hadde sønnene:

Ole f.ca.1650

Aslak 1659-1742, neste brukar

Matrikkelen 1668 viser at Visdal hadde Finndalen som sommarseter.

Aslak Amundsen Visdal 1659-1742 var gift med Anne Knutsdotter. I 1722 er nemnd at han pantset 1 hud i Visdal. Skoskatten 1711 viser Aslach Wisdahl og 4 barn, og nemner også 2 gamle systre utan at vi har oversikt over dei. Aslak og Anne hadde 8 barn:

Ole f.ca.1700 d.ca.1764, neste brukar

Rønnoug f.1702

Anne g.m. Tjøstel Simonsen

Ingebor f. 1707

Rannej f.1710

Elli f.1712

Amund f.1714

Beret f.1716

Ole Aslachsen hadde dottera

Anne f.ca.1737 d.1833

Anne Olsdotter Visdal vart 1760 gift med Johannes Olsen f.ca.1738 d.1817, og i 1760 fekk han skjøte på Visdal 1 hud 7 ½ skinn for 800 rd. frå svigerfaren Ole Aslachsen. Anne og Johannes hadde 4 barn:

Kari f.1760

Ole 1761-1848, neste brukar

Ole f.1763

Amund f.1769, g.1796 m. Synne Pedersdtr. Nyrnes f.1773. I Vetleseter.

I 1787 var det skjøte for 999 rd. frå Johannes Olsen Wisdahl til Hans Guttormsen (i føderådskontrakta nemnd som Hans Guttormsen Moen). Etter 11 år skjøter han Visdal vidare

til sonen til førre eigaren for 499 rd., da er han nemnd som Hans Guttormsen Lunde (i 1801 er Hans Guttormsen Lunde f.1759 gardbrukar på Lunde).

Ole Johansen Visdal 1761-1848 fekk som nemnd skjøte på Visdal i 1798. Han var gift med Rønnov Jonsdotter Nyernes 1776-1870, dei hadde 6 barn:

Anne f.1801, g.m. John Sandneshagen

Johannes 1803-1882, skoleholder, g.m. Ragnhild Johnsdtr. n. Valde 1811-1849

Marit f.1805, g.m. Niels Moen

Kari f.1807, g.m. Anders Sørumsaugen

John 1809-1882, g.m. Ingebor Olsdtr. Svareplassen 1808-1885. I Ulsbustugu og Rustom.

Rønnaug f.1813, g.m. Erland Aabakken

I 1797 er det tinglyst obligasjon 999 rd. To år etter i 1801 er det tinglyst obligasjon 1300 rd. til Ole Olsen søndre Storvik. I 1805 er det føderådskontrakt mellom Ole Olsen Storvik og Ole Johannessen og hustru Rønnooug Jonsdotter, og det er også nemnd føderådskontrakt i 1801. Dette viser at Ole Storvik har vorte eigar av Visdal, han selde garden i 1806 til Johannes Johnsen Hagen. Men Ole Johansen og familien har også budd på Visdal sjølv om det flytte til nye folk, barna voks opp der og Ole og Rønnooug budde der så lenge dei levde.

Johannes Jonsen Hagen frå Hågå i Skogbygda kjøpte Visdal i 1806 av Ole Olsen Storvik for 1350 rd. Han var gift med Kari Jørgensdotter Bakken 1766-1848, dotter til Jørgen Eriksen frå nørdrø Holen 1718-1799 og Eldri Erlandsdtr. frå søre Holen. Johannes og Kari hadde 5 barn:

Imbiør f.1797

John f.1801, neste brukar

Eldri f.1802

Marit f.1804, g.m. Nils Hansen u. Visdal 1811-1870, på uppigard Visdal.

Jørgen 1810-1882, g.m. Mari m. Storvik, til Odde.

John Johannessen Visdal 1801-1884 fekk skjøte for 300 spd. frå faren i 1830. John var gift med Rønnaug Jonsdotter Mo 1798-1877. Dei hadde 4 barn:

Kari 1831-1891, neste brukar

Ragnhild f.1833, g.m. Gulbrand Hansen Klones f.ca.1837

Johannes f.1836

John f.1839

Kari Johnsdotter Visdal 1831-1891 vart 1855 gift med John Johnsen Valde s. 1827-1892 son til John Ivarsen Valde f.1786/1787 d.1866 og Kari Jakobsdtr. Sandbu n-n 1779-1867. Kari og John hadde 5 barn:

Ivar 1855-1936, g.m. Kari Ivarsdtr. Viste n. 1860-1929. På nordgard Valde.

Jo(hn) 1861-1923, g.m. Marie Olsdtr. Christiansen f.ca.1872. Bilethauggar, i Asker.

Kari 1865-1947, g.m. Georg Kristian Sverdrup Knoph 1843-1923. Brønnøy i Nordland.

Pål f.1868. Til USA 1893.

Jo(hn) d.y. f.1871, neste eigar. Til USA 1897.

John d.y. Johnsen Visdal f.1871 overtok ved skjøte i 1894 etter faren som døydde i 1892. Men John d.y. Visdal har seld garden vidare same året, for i panteboka for 1910 erklærer broren Ivar Visdal at garden vart seld til Eirik Nystuen (Galde) i 1894 for 6000 kroner utan at dette har vore tinglyst.

Eirik Eiriksson f.1853 var frå Galdevollen i Bøverdalen son til Eirik Eiriksson f.1818 og Torø Eilevsdtr. Veslhaugen 1823-1854. Eirik f.1853 var gift med Torø Olsdotter 1857-1945 nordgard Galde dotter til Ola Eiriksson 1828-1898 og Kari Olsdtr. nedre Hjeltar i Skjåk 1837-1915. Eirik og Torø var i Bodø fyrst på 1880-talet og kom til Nystugu i Vågå før 1885, og frå før 1897 til ca. 1907 var dei på nigard Visdal. Frå ca. 1910 overtok dei nordgard Galde. Eirik og Torø hadde 9 barn:

Theodora 1881-1968, g.1901 m. Johannes Tostensson Smedsmo f.ca.1877. På Smedsmo.  
Kathinka Emilie f.1883, til Amerika  
Peder f.1885, til Canada. Skreiv seg «Visdal».  
Olava 1888-1963, til Amerika. Gift Pederson.  
Ola f.1891, til Canada 1920. Skriv seg «Visdal»  
Torvald 1893-1893  
Live 1894-1982, g.1920.m. Thorleif Endresson Stee 1895-1968. På nordgard Galde.  
Kari 1897-1990, ugift. I Ringebu.  
Mari 1900-2002

I 1907 overdrog Eirik Galde nigard Visdal til Anders P. Lunn for kr 6000,-, erklæring i panteboka og tinglysing som skjedde i 1910 nemner kjøpekontrakt frå 1907. Anders Lunn 1848-1923 frå søre Lunna i Bøverdalen vart 1873 gift med Anne Olsdotter Uttafør 1852-1915 dotter til Ola Johannesson 1818-1869 frå Bakke i Skjåk og Anne Kristensdtr. 1820-1885 frå Geiloshågan i Skjåk. Anders og Anne budde både på Tande, Lunna, Uttafør og Vesllia før dei fyrst kom til Vågå truleg ca. 1904 der dei bl.a. var på Rottem. Anne og Anders hadde 13 barn:

Anne 1873-1873  
Embjørg f.1873, g.1897 m. Ola Nilssom 1867-1900. Ho reiste truleg til Amerika.  
Anne f.1874, g.m. Gabriel Kvamme f.1861. Budde i Vågå. Anne hadde før ekteskapet sonen Nils Visdal f.1898 som voks opp hjå besteforeldra.  
Brit f.1874  
Pauline 1879-1944. Til Amerika 1902, g.m. Henry Paulson. I Nord-Dakota.  
Marit f.1881, til Amerika 1902  
Olava f.1883, til Amerika 1902  
Johannes 1885-1911. Til Amerika 1903, død i gruveulykke i Canada.  
Ole f.1888, til Vågå 1905, seinare til Amerika.  
Per 1890-1975, g.m. Embjørg O. Skrinde 1894-1975. Til nordgard Valde.  
Maria f.1890  
Kari 1893-1970, g.m. Pål Mo 1893-1981. På Mo.  
Elise f.1895, g.m. Ola Hagen i Skjåk.

Ola Jakobsen Ringnesset 1862-1933 kjøpte nigard Visdal frå Anders Lunn i 1918 (Ola kjøpte oppigard Visdal i 1901). Ola var son til Jakob Olsen Ringnesset 1836-1914 og Guri Christensdtr. Nystuen 1837-1914. Ola vart 1886 gift med Kari Hølmo 1860-1939 dotter til Syver Jonsen og Anne Hansdtr. Gjelet. Ola og Kari var i Minnesota i USA frå ca. 1884, men reiste heim att i 1901. Dei hadde 6 barn:

Anna f.1888, g.m. Anton Haugen Gården  
John 1890-1957, seinare brukar  
Oline f.1892, g.m. Kristoffer Balterson Sæther, Lom. Til USA  
Hanna 1895-1932, g.m. Syver Balserson Sæther 1888, Lom. Syver død i Amerika. 2 barn:  
Klara f.1921, voks opp på Visdal, g.m. Syver Vetlesæter Hovdkinn  
Ragna f.1922, voks opp på Visdal, g.m. Jørgen Løkken  
Oskar f.1897, g.m. Marie n. Berge. På oppigard Visdal.  
Kristian f.1899, neste brukar

Kristian Olsen Visdal f.1899 overtok niggard Visdal frå faren i 1926, han vart 1922 gift med Ragnhild Sandviken. Kristian og Ragnhild Visdal hadde 3 barn:

Klara f.1922  
Ivar f.1925  
Ola f.1936

Da Kristian Visdal overtok Øyagarden etter svigerfaren i 1929 vart det broren John f.1890 som overtok niggard Visdal. John 1890-1957 reiste attende til Amerika att i 1912, men kom att i 1923. John vart 1923 gift med Hanna Bakken 1902-1990 dotter til Anders Bakken 1883-1951 og Ragnhild Sæther f.1882. Dei budde fram til ca. 1928 i søre Vetlsæter i Lom. John og Hanna hadde 10 barn:

Kari f.1924, g.m. Ola Odnes  
Ola f.1927, g.m. Inger Aasheim  
Asbjørn f.1928  
Ragnhild f.1930, g.m. Magne Bakken  
Syver f.1935, neste brukar  
Helga f.1936, g.m. Pål Sveahaugen  
Bjørn f.1939, g.m. Ragnhild Nesset  
John f.1941, seinare brukar  
Astrid f.1942, g.m. Ola Linderud  
Asbjørg f.1945

Syver Visdal f.1935 overtok niggard Visdal i 1959. Han vart 1959 gift med Aase Andvord Stokstad f.1939. I 1963 flytta dei til Stokstad som dei overtok etter faren hennar. Syver og Aase har 6 barn:

Hanna f.1959  
Marit f.1960  
Jorunn f.1862  
Svanhild f.1963  
Erik f.1966  
Eva f.1968

John Visdal f.1941 overtok niggard Visdal etter broren i 1967. Han vart 1966 gift med Kari Skogvang f.1948 dotter til Anton Skogvang f.1918 og Elise Jotun f.1920. John og Kari har 3 barn:

Joar f.1967, neste brukar  
Ellen f.1970  
Asbjørn f.1976

Joar Visdal f.1967 overtok niggard Visdal i 2004. Han er sambuar med Live Langøygard f.1968 dotter til Erling Langøygard f.1943 og Kari S. Lyngved f.1946. Joar og Live har 2 barn:

Jostein f.1996  
Ragnill

I 1668 vart det på niggard Visdal fødd 16 fe, det var 2 hestar og det vart sådd 3 1/2 tønner.

I 1865 var det på niggard Visdal 2 hestar, 17 kyr, 40 sauer, 16 geit og 2 grisar. Det vart sådd 1/2 tønne rug, 8 tønner bygg, 1/2 tønne blandingskorn, 1/4 tønne erter og 7 tønner poteter.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

Opplandarkivet Vågå: familieark, avskrifter grunnbok, pantebøker mm.

Pål Øistein Kvarberg 2000: Slekt i Vågå og Lom, Slekten på Sygard Valde med Brattland og Visdal  
Slechten på Einarsvoll med Glimsdalsrekken

Jon Kolden 2000: Bygdabok for Lom 1

Jon Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2

Jon Kolden 2007: Bygdabok for Lom 4

Kåre Halvdan Bakke: Hølmo i Vågå – Hølmoslekta

1881.no

Koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum.

Folketeljing 1865

Jakup Skjedsvoll: avskrifter av jordebøker m.m.